



Fire konfirmantar stod for innsamlinga frå Ljosnes til sentrum. F.v.: Ella Karina Hjørnevåg, Nils Rainer Vågen, Jostein Soldal og Silje Soldal.

Fasteaksjonen med innsamling til reint vatn til over ein million menneske vert gjennomført i Kvinnherad i kveld. 12 konfirmantar i Uskedalen møtte fram i kyrkja i ettermiddag for utlevering av bøsser og legitimasjon. Sokneprest, Lina Håland, og soknerådsleiar, Svanhill Haugland, er ansvarlege for innsamlinga i Uskedalen.

Ja, vi elsker dette vatnet er overskrifta på Fasteaksjonen 2018. Konfirmantane går bygda på kryss og tvers, på kvar dør og bed om ei gåve til Kirkens Nødhjelp. Pengane frå Fasteaksjonen er med på å sikra mange reint vatn. Dersom du ikkje var heime i kveld, vart det lagt ein lapp på døra med informasjon om korleis ein kan på SMS og Vipps valfritt kan gje ei gåve.

Dette innlegget vert oppjustert når vi veit resultatet frå innsamlingsaksjonen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal